

051963

B 16086

UTGRAVINGSRAPPORT

SEIME GNR. 115/2,

GLOPPEN KOMMUNE,
SOGN OG FJORDANE



Rapport ved Ørjan Engedal

INNHALDSLISTE

Samandrag.....	3
Bakgrunn for undersøkinga.....	3
Topografi.....	3
Metodikk og gangen i gravinga.....	4
Skildring av strukturar og funn.....	10
Avsluttande drøfting	16
Appendix A: Funnliste.....	<i>i</i>
Appendix B: Strukturliste.....	<i>iii</i>
Appendix C: Teikningsliste.....	<i>iii</i>
Appendix D: Vitskaplege prøvar.....	<i>iii</i>
Appendix E: Fotoliste.....	<i>iv</i>

FIGURLISTE

Fig. 1. Kart over området	2
Fig. 2. Foto av funnstedet før framrensing (01-05)	4
Fig. 3. Foto av røysa, etter avgrensning og framrensing (01-24)	5
Fig. 4. Planteikning av røys	5
Fig. 5. Foto av S 3, nedskjering under røys, avgrensa og opprena i plan (03-20)	6
Fig. 6. Planteikning av S 3, med snittkassar og funninformasjon	7
Fig. 7. Foto av profil I (03-25)	8
Fig. 8. Situasjon ved graving, etter ferdigstilling av profil II og IV (03-35)	8
Fig. 9. Profil I og II	9
Fig. 10. Foto av nedskjering S3 etter graving (04-05)	9
Fig. 11. Skjematiske framstilling av det horisontale høvet mellom S 2 og 3 (Grav B og A)	10
Fig. 12. Perler	11
Fig. 13. Spinnehjul	12
Fig. 14. Spannforma keramikk, kar A	12
Fig. 15. Spannforma keramikk, kar B	13
Fig. 16. Dekorelement på spannforma kar	14
Fig. 17. Asbestkeramikk	14
Fig. 18. Røys, S1, med distribusjon av perler, spinnehjul og dei ulike keramikktypane	15
Fig. 19. Profileikning av prøvestikk A	16




Fig. 1: Oversiktskart over Seime, gnr. 115/2 og utgravingsfeltet

Resyme

Ei arkeologisk frigjevingsundersøking av freda kulturminne på Seime Gnr. 115/2 i Gloppen kommune vart utført over to sesongar, i august 2002 og juni 2003. I første omgang vart ei kammergrav med dekkhelle frilagd, som viste seg å ligge i øvre del av ei låg, skipsforma røys. I fase 2 av utgravinga vart røysa fjerna og ei nedskjering kom til syne under nordaustre halvdel av røysa. Undersøkinga omfatta eit areal på 49 kvm., der sjølve røysa var omlag 9 X 3,5 m.

Undersøkingane og funnmaterialet, slik det er kjent før konservering, viser minst to graver, begge frå folkevandringstid (400-575 e.Kr). Spannforma keramikk i begge gravkontekstane og også elles i røysa ligg til grunn for dette. I laga over og under røysa vart det også funn, m.a. keramikkskår av mellomalder type og av bronsealder/førromersk jernalder type.

Bakgrunn for undersøkinga

28.05.01 varsle grunneigar på Seime gnr. 115 br. 2 Kulturavdelinga ved Sogn og Fjordane Fylkeskommune, om mogleg funn av forhistorisk karakter. Funnet kom fram ved pløyning/planering av ein terrassekant på dyrka mark, tett ved Breimsvatnet. Det vart konstatert same dag av førstekonsulent ved Kulturavdelinga, - neste dag også av representant for Bergen Museum, at det dreia seg om ei flatmarksgrav med dekkhelle frå jernalder. Grava var skada ved at dekkhella og massar var fjerna, og låg såleis særskilt utsett for øydelegging. Fylkeskommunen tilrådde etter dette dispensasjon i henhold til Lov om kulturminne, § 3 og 8 (jmf. brev dat. 01.06.01), dvs. at det vart sett igang arkeologiske frigjevingsundersøkingar. Riksantikvar innvilga søknaden (jmf. brev dat. 12.09.01) etter å ha innhenta fagleg vurdering frå Bergen Museum. Saka vart karakterisert som ei sikringsgraving for så snøgt som mogleg å sikre det attverande vitskaplege kjeldematerialet.

Søren Diinhoff v. Bergen Museum gjorde dei innleiande undersøkingane i slutten av august 2002, der grava vart undersøkt og ein større røysstruktur vart avdekka. Dei endelige frigjevingsundersøkingane vart utført i perioden 22-29.06.03 av Ørjan Engedal for Bergen Museum.

Topografi

Garden Seime i Gloppen kommune, ligg mellom austbreidda av Breimsvatnet og Blåfjellet, sør for elveosen og tettstaden Reed. Lokaliteten ligg på ein terrassekant nedst i skrånande, dyrka mark mellom vatnet og riksvegen. På nabobruket i nord er det i liknande terrenget komme fram ei spenne frå eldre jernalder, og ifølgje grunneigar på br. 2 er det sannsynleg at fleire åskammar (moglege gravstrukturar) langs den same kanten langs vatnet er utjamna eller planerte bort ved dyrkning.

Terrenget er vestvendt, solrikt og sjølvdrenert, og såleis truleg dyrka i førhistorisk tid. Lokaliteten verkar derimot å ligge noko nær vatnet, og i for skrånande terrenget til at ein kan vente seg husstrukturar frå bronsealder/jernalder.

Metodikk og gangen i utgravinga

Eit mindre målesystem og utgravingsfelt vart lagt ut ved dei innleiande undersøkingane. Under torva og i lausmassen i kammeret (struktur 2) kom det fram moderne glasskår, bein og keramikk av mellomalderkarakter (B16086/27), i tillegg til nokre skår av spennforma keramikk (B16086/19).



Fig. 2: Foto under innleiande framrensing av kammer. Mot sør (Foto S. Diinhoff).

Etter at sjølv kammeret var undersøkt og funnførande lag utgreve, vart gravemaskin (ved grunneigar) nytta til fjerning av torv for å avgrense røysstrukturen som kom til syne rundt og under kammeret. Under opprensinga ned mot steinane vart det gjort fleire funn utan at desse viste nokon klår kontekst. Under dette arbeidet kom jernfragment og m.a. to av perlene for dagen, B16086/2a og B16086/2b. Allereie no viste det seg derimot ein konsentrasjon av skår av spennforma keramikk omlag 1 meter SV for randa av kammeret. Mange av desse er utfra dekor tilhøyrande karet vidare nemnt som *kar B*, B16086/19. Ingen har dekor som viser til skjemaet på karet nemnt seinare som *kar A*. Distribusjonen av skår frå kar B er vist på fig. 18, og det synest klårt at sjølv om fleire skår er funne i kammeret, er den største konsentrasjonen utanfor. På dette tidspunktet verka det som om lokaliteten i stor grad var omrota. Røystrukturen vart forsøkt avgrensa og viste ei klår spissoval form og kunne karakteriserast som ei skipsforma gravrøys. Den innleiande fasen av utgravinga var dermed over.

Med frilegginga av røysstrukturen vart feltet utvida til å omfatte omlag 49 kvm. Målesystemet vart lagt ut lokalt og sidan innmålt med totalstasjon og relatert til ståande bygningar.

Den avsluttande fasen av utgravinga starta med å fjerne steinar. Massen mellom og like under steinane vart prøvesolda i ruter på 1x1 m. Mindre jernfragment og skår av kar B kom fram over eit større område, men var framleis konsentrert på 1 kvm, 1m SV for kammeret (sjå fig.18).



Fig. 3: Foto etter framrensing og avgrensning av S1, spissoval røys. Kammeret til grav B, S 2 er synleg til venstre i røysa (Foto S. Diinhoff).




Fig. 4: Planteikning. Kammeret til grav B (S2) synleg i nordaustlege del av røysa.

I heile sørvestlege halvdel av røysa kom ein no ned på eit steinfrift, mørkt brunsvart dyrkingslag som såg ut til å ha større horisontal utstrekning enn røysa og feltet. Også i nordaust kom dette laget, men med noko meir Stein. Prøvestikk A vart teke aust for feltet for å kontrollere stratigrafien i det kringliggende området. Også her viste det same dyrkingslaget seg i profilen (sjå fig.19). Under opprensing kom det dessutan for dagen eit mindre keramikkskår med glasur, truleg frå mellomalder (B16086/24).



Fig. 5: Foto av S 3, nedskjering under røys, avgrensa og opprena i plan. Mot aust (Foto Ø. Engedal).

Det vart no slutt på funna av keramikk i mitre og sørvestlege halvdel av røysa. For å så snøgt som mogleg avgjere om det var andre strukturar, nedskjeringar osb. i og under dette laget, vart det greve tre snittkassar. Snittkasse 1 vart lagt tvers gjennom området med konsentrasjon av keramikk, frå aust til vest. Her viste laget seg å vere stratigrafisk ukomplisert, men ei tjukne på 5-10 cm over lys gulbrun undergrunn. Snittkasse 2 vart no lagt vinkelrett på den første, nord-sør, gjennom sørlege halvdel av kammeret (S 2). Her kom det fram noko meir Stein, fleire fragment av jern, og ein kunne ane ei nedskjering i undergrunnen. Dessutan viste det seg eit mørkt felt lengst nord i feltet, S 4. Snittkasse 3 vart greven vinkelrett på kasse 2 for å kunne nærmare avgrense ei eventuell nedskjering.

Det vart no klårt at det under den nordaustlege halvdelen av røysa var ei nedskjering, S 3, med store og mellomstore steinar og noko mørkare fyll enn dyrkingslaget. Vest i snittkasse 3, rett utanfor røysa, kom det dessutan fram eit randskår av grov, svart asbestmagra keramikk, B16086/28.




Fig. 6: Planteikning av S 3, med snittkassar og funninformasjon

Fokuset vart no retta mot S 3, og i fyrste omgang rense seg ned for å få ei full avgrensing i plan av nedskjeringa. Under dette arbeidet kom det fram skår av spennforma keramikk, kar A, 1,5m sør for kasse 3 og 0,9 m vest for kasse 2, og dessutan ein heil del jernfragment i eit noko vidare område. Når etterkvart ei avgrensing av S 3 var klår, fekk ein mistanke om at her kunne vere *to* nedskjering tett ved ein annan. Den vidare utgravinga vart fokusert rundt å få fange denne eventualiteten i profil. Fyllen i S 3 vart såleis først fjerna frå vest inn mot ein *profil I*. Her vart gjort fleire funn, som vist på fig.6. Deretter vart sjaktkasse 2 greven ned til undergrunnen og utvida til å danne ein kortare *profil IV*. Fyllen vart så fjerna inn mot *profil II* som endeleg viste at det dreia seg om *ei*, lang nedskjering. To store steinar i undergrunnen viste seg å avgrense nedskjeringa i NV langside. Resten av fyllen vart fjerna og profilar III og V dokumenterte. All masse i S 3 vart våtsolda i 4 mm soldenett.



Fig. 7: Profil I. Mot aust (Foto Ø. Engedal).



Fig. 8: Situasjon etter ferdigstilling av profil II og IV. Mot sør (Foto Ø. Engedal).




Fig. 9: Profil I og II gjennom S 3.



Fig. 10: S 3, nedskjering, etter tömming. Mot sørvest (Foto Ø. Engedal).

Skildring av strukturar og funn

Strukturar




Fig. 11: Det horisontale tihøvet mellom grav A og B

S 1, var ei spissoval røys, omlag 9,2 m lang, 3-3,5 m brei og danna av stein med diameter mellom 10 og 40 cm. Ein stein i den nordvestlege spissen av røysa skilde seg ut som den største og tyngste *tilførte* steinen i heile røysa. Elles førekomm større og mindre flate steinar eller heller, truleg særskilt knytte til konstruksjonane S 2 og S 3. Nokre få store steinar sto i undergrunnen under røysa og var neppe ført dit med menneskehend.

S 2, var eit kammer med veggar av rund, mellomstor stein i ei høgd, med ei stor dekkhelle over. Kammeret var lagt oppå det mørke dyrkingslaget.

S 3, var ei langoval nedskjering under røysa. Ei eksakt avgrensing av S 3 var vanskeleg av di undergrunnen nokre stader hadde rasa inn over fyllen. Det lukkast heller ikkje å skilje fyllen i nedskjeringa frå dyrkingslaget rundt. Omrentlege mål på nedskjeringa slik ho teikna seg i undergrunnen er: 3,7 m i lengde, 1,3 m i breidde og 0,3 m på det djupaste. I botnen var nedskjeringa runda i tverrsnittet, sjølv om veggane enkelte stader må ha vore bortimot loddrette. I den sørvestlege enden var nedskjeringa grunnare og mindre markant.

Utfra konstruksjonane S 2 og 3 må det vere snakk om *minimum* to separate gravkontekstar. To fenomen gjer tolkinga problematisk:

- a) dekkhella og truleg også ein del av innhaldet i kammeret vart flytta ved pløyinga i 2001; i tillegg til at kammeret vart fylt med lausmasse frå laga over. Dette kan forklare dei mange skåra av spannforma keramikk (kar B) sørvest for kammeret.
- b) dei to sikre gravstrukturane overlappar kvarandre horisontalt, som vist på fig.11. I dette området *kan* det ha skjedd ei *vertikal* omroting/samanblanding i førhistorisk tid. Særskilt gjeld dette spannforma kar A, som tydeleg låg knust under ein av dei større steinane 10-20 cm vest for kammeret. Plasseringa *utanfor* kammeret og *under* steinen indikerar trass alt at karet hører til nedskjeringa S 3.

S 4, teikna seg omlag sirkelrund mot undergrunnen, og hadde mørk brunsvart og trekolblanda fyll. Strukturen låg delvis utanfor det opna feltet i nord. På grunn av tidspress måtte denne vekkprioriterast, dvs. han vart ikkje frilagd i plan og heller ikkje snitta og dokumentert i profil.

Gjenstandsfunn

Sidan rapporten er skriven før konservering av materialet vert berre delar av det totale funnmaterialet gjeve særskild omtale her. Sjå elles funnliste i Appendix A.

Perler: To av perlene (B16086/2a og b) kom for dagen under dei innleiande undersøkingane, og må skrive seg frå massane øvst i -, eller over røysa. Dei fire andre vart med visse funne spreidde i S 3, slik det er vist på fig. 13. Augeperla (B16086/2c) låg tett ved B16086/3, B16086/9a og ein konsentrasjon av spannforma keramikk (B16086/12).



Fig. 12: Perlene funne i røysa på Seime. Oppå frå venstre: /2a, /2c, nede frå venstre: /2f, /2d, /2b, /2e (Foto Ø. Engedal).

Spinnehjul: To identiske spinnehjul i brend leire kom fram omlag 30 cm frå kvarandre. Dei er tydelegvis brende på låg temperatur, det eine var også fragmentert og gått delvis i opplysing. Typen har flat underside og kvelva overside.



Fig. 13: *Spinnehjul* (Foto Ø. Engedal).

Keramikk: Minimum 6 ulike kar i keramikk vart identifisert ved utgravinga på Seime.




Fig. 14: *Spannforma kar A* (Foto Ø. Engedal).

B16086/12, Spannforma kar A - Skår frå eit spannforma kar vart funne konsentrert i sørvestre del av nedskjeringa, mykje av dei låg rett under, og tydeleg øydelagde, av ein større stein over nedskjeringa. Karet er dekorert med smale vertikale felt med fiskebeinsmønster. Skåra har ein tendens til avspalting, men godset er rimeleg fint og har identifiserbar magring med korte (1-

2mm) asbesttrådar. Under randa er avsett plass til jernband, men restar av jernband kunne ikkje med visse påvisast på skåra. Mengda skår er neppe stor nok til eit komplett kar.

B16086/19, Spannforma kar B - Brorparten av keramikken utgjer skåra frå eit spannforma kar med dekor av horisontale og vertikale riller i ulike kombinasjonar, nokre stader dannar dei felt med ruter. Godset er rimeleg fint, raudbrunt på farge med lysare gråkvite parti, og med identifiserbar magring med korte (1-2 mm) asbesttrådar. Under randa er avsett plass til jernband, og skår vart funne med rustfarge og delar av jernbandet bevart. Så sant det ikkje dreiar seg om fleire kar, er her truleg skår nok til å setje saman eit komplett kar.




Fig. 15: *Spannforma kar B* (Foto Ø. Engedal).

B16086/15, Mørk, glitta keramikk - Skår frå eit kar i mørk, glitta keramikk vart funne i nærleiken av B16086/12. Godset er mørkt grått til svart, tunt og finmagra - truleg med granitt/kvartsmagring (Stout 1986: 54ff.). Skåra er små og udekorete og karforma er umogleg å fastsetje. Dei kan moglegvis stamme frå eit hankekar.




Fig. 16: Skjematiske framstilling av dekorelement på spannforma keramikk fra røysa på Seime gnr. 115/2. Kar A med avsett plass til jernband og kar B med sikkert påvist jernband.

B16086/28, randskår av asbestkeramikk - Eitt randskår med vulst kom for dagen like vest for røysa i det mørke, brunsvarte laget. Keramikktypen kan karakteriserast som asbestkeramikk av nordvestnorsk type (jmf. Ågotnes 1986). Godset er mørkt gråbrunt og magra med lange asbestfliser, hovudsakleg 3-5mm lange. Skåret minner mest om randtype A og vulstype A på Flatebakken, og seine former av asbestkeramikk med ei dateringsramme til yngre bronsealder og førromersk jernalder (Ågotnes 1986: fig.2 og 12).




Fig. 17: Asbestkeramikk (Foto Ø Engedal).




Fig. 18: Røysa med distribusjon av perler, spinnehjul og dei ulike keramikktypane.

B16086/27 og /29, Glasert keramikk - To skår kom fram ved framrensing av kammeret, medan eitt mindre skår kom fram i eit prøvestikk aust for røysa.

Metallgjenstandar: Det største sølvfragmentet (1a) var ei tynn sølvplate falda rundt ein jerntråd, moglegvis tilhøyrande på eit reparert kar. Fragmentet av sølvtråd (B16086/1b) stammar truleg frå ei spiralforma hektespenne.

Ein heil del store og små jernfragment (1-15cm) er for rusta til å kunne gje særleg mening før røntgenfotografering og konservering. I ein uformeleg masse av rust kan ein kjenne att det som truleg er eit ledd i ei bøylespenne i bronse.

Organisk materiale: Ein heil del organisk materiale er fragmentarisk bevart. Det dreiar seg truleg om restar av never og skinn/lær, og dessutan restar av eit materiale som truleg har vore nytta som tetning i eit skrin eller tine/øskje.

Avsluttande drøfting

Undersøkingane på kanten av åkerterassen på Seime, like aust for Breimsvatnet gav såleis ein heil del kunnskap om bruken av området i førhistorisk tid, - av stor verdi sidan fornminne ikkje var kjent frå før i nærmeste området. Lagdelinga både i utgravingsfeltet og i bakken over indikerar dyrking og bruk av terrenget over lengre tid. Kulturlaget som ligg 30-40 cm under overflata viser eit gjerne typisk bronsealder/tidleg jernalders dyrkingslag, sterkt trekolblanda og mørkt gråbrunt på farge. Skåret av asbestkeramikk funne i det same laget vest for røysa er den eldste diagnostiske artefakten i undersøkingsområdet, og har ei dateringsramme frå siste del av steinalder til inn i førromersk jernalder (2350-0 f.Kr). Den spesifikke forma på skåret kan peike mot siste delen av dette tidsrommet.

Medan skråninga over verkar steinfri er det tydeleg at det nett på kanten der røysa skulle komme til å ligge finns heller store steinar i undergrunnen. I samanheng med at ein høgtståande person gjekk bort ein gong i siste halvdel av folkevandringstid, vart truleg nokre av desse steinane dregne opp og ei lang nedgravning i retning NØ-SV vart gjort klar. Utfrå gjenstandsmaterialet kan ein ane eit rikt og mangfaldig gravgods lagt ned saman med den døde, som mest truleg var kremert. Ein kan heller ikkje utelukke at det vart lagt ned fleire personar ved dette tilfellet sidan her er mykje gravgods og eit rikeleg stort kammer for *ei* kremasjonsgravlegging. Spinnehjula kan indikere at det var ei kvinne som vart lagt ned.

Mest truleg vart røysa konstruert i relasjon til denne hendinga, altså grava i nedskjeringa. Stein vart bore på plass og lagt i ei spissoval røys - som eit skip sett frå lufta - kanskje med tanke på den siste skipsreisa over til det hinsidige, eller med tanke på den gode kontakten over vatn og hav som gjorde folket ved Breimsvatnet til storfolk. Nokre dagar, nokre tiår seinare - umogleg å vite - vart ein annan død verdig ei grav i steinsskipet ved vatnet. Stein vart plukka frå gravminnet, plass vart reidd i den nordaustlege langsida av røysa, til eit breidt, lågt kammer. Me veit mindre om denne døde sitt gravgods, men det spennforma keramikkaret var også ved dette tilfellet eit sentralt symbol og gravgåve. Kammeret vart lukka med ei gedigen, flat steinhelle. Dei spreidde skåra i røysa kan også stamme frå seremonien rundt gravlegginga.

Terrenget verkar noko skrått til at ein kan finne busetjing frå jernalder og mellomalder, mest truleg låg husa høgare oppe der husa står idag. Sjølv om ein ikkje skal utelukke hus frå mellomalder i nærleiken av røysa, stammar truleg mellomalderkeramikken frå påkøyrt jord og planering i nyare tid.




Fig. 19: Prøvestikk A i dyrka mark aust for røysa

Kjelder:

Stout, A. M. 1986: The Finer Handled Vessels of Western Norway's Early Iron Age. *Arkeologiske skrifter* 3: 85-118. Historisk Museum. Universitetet i Bergen.

Ågotnes, A. 1986: Nordvestnorsk asbestkeramikk. Karform, godsstruktur, utbredelse og datering. *Arkeologiske skrifter* 3: 7-85. Historisk Museum. Universitetet i Bergen.

Appendix A: Funnliste

- /1: Sølv a) Del av sølvbeslag med jernnagle-tråd.
 b) Fragment av sølvtråd, omlag 2 cm.
 c) Fragment, omlag 0,5 X 0,5 cm, med hol.
 d) Fragment, sigdformet, omlag 2 cm langt.
- /2: Perler a) Mangefarga, blå og raud dominerer, innslag av gult og kvit. 17 mm i diameter, 17 mm brei.
 b) Kongeblå, 8 mm i diameter, 7 mm brei.
 c) Augeperle, svart med kvite innlagde band, og tre raude "auge". 14mm i diameter, 10 mm brei.
 d) Lys grøn, gjennomsiktig, 6mm i diameter, 3 mm brei.
 e) Lys gul, 9mm i diameter, 5 mm brei.
 f) Okerfarga, 5 mm i diameter, 2,5 mm brei.
- /3: Fragment av metallblekk. Kan vere gull eller messing, eller ei heller uvanleg Au- eller Cu-legering
- /4: Jernbeslag/-feste. 7 gjenstandar.
- /5: Jernspiss med beslag av bronse. 1 gjenstand.
- /6: Jernspissar. 3 gjenstandar.
- /7: Hekte- eller oppheng i jern m/nagle. 1 gjenstand.
- /8: Bronse a) 2 delar av spenne i bronse?
- /9: Spinnehjul a) keramikk.
 b) keramikk, fragmentert.
- /10 Halvdel av ring. Godt bevart. Stein eller metall?
- /11 Organisk materiale. 1 gjenstand.
- /12 Skår frå eit spennforma keramikkar, med asbestmagring, dekor av fiskebeinsmønster, plass avsett til jernband. (Frå 99x/103y, mykje under stein, tett ved augeperle og gullblekk).
- /13 Organisk materiale, moglegvis klo eller tannemalje frå eit dyr.
- /14 Jern, a) Delar med tekstilavtrykk?, restar av treverk? Odd til pil/spyd? (frå 99x/103y).
 b) Større delar. (Frå rutene 100x/102y, 101x/102y, stor flat del er F.24).
- /15 Skår av mørk, glitta keramikk. Tunt gods, truleg med granitt/kvartsmagring. Moglegvis frå eit hankekar.
- /16 Organisk materiale, a) fragment, ukj. mat.
 b) fragment, ukj. mat.
 c) fragment.
 d) fragment.
- /17 Jern, mindre fragment a) Frå rutene 100x/102y, 101x/102y, 101x/101y, 99x/102y. Konsentrasjon i 100x/102y og 101x/102y. M.a. nagleliknande fragment.
 b) Frå 99x/103y. M.a. nagleliknande fragment.
- /18 Glatt, vannrulla stein av gulbrun kvarts/kvartsitt. Eggforma. I NØ del av nedskjering.

- /19 Skår frå eit spennforma keramikkar, med asbestmagring, dekor av horisontale og vertikale linjer, påvist jernband.
- /20 Stykke av samansmelta og vitrifisert sand og småstein. Tydeleg utsett for høg temperatur. 7x4cm. Under opprensing 2002, 100x/104y
- /21 Større delar av bein, skal av hasselnøtt. Noko kan vere moderne. Frå innleiande opprens av kammer, 2002.
- /22 2 stykke flint, 1 stykke bergkristall, 1 stykke kvartsitt. Det største i flint frå opprens kammer 2002, resten under fjerning av røys.
- /23 Flis av asbest, 0,5x2cm. Under fjerning av røys.99x/104y
- /24 Lite stykke kleberstein, 1x2cm. Frå opprens 2002, 100x/104y
- /25 Brotstykke av slipt skifer, truleg frå bryne. Frå opprens 2002, 100x/104y.
- /26 4 vitra, moglegvis brende steinar med porer. Grøne på farge. 4-10cm diameter.
- /27 2 keramikkskår av mellomalder type, glasert, det eine med spor etter dreieskive. (2002, 101x/103y, i og over kammer)
- /28 *1 randskår av grov asbestmagra keramikk, svartbrendt, vegg t. 0,8-1,2 cm, med vulst (ved graving av kasse 3, i 99x).*
- /29 Lite stykke glasert keramikk frå prøvestikk aust for røysa.

Appendix B: Strukturliste

Nr.	Strukturtype	Form/mål	Orientering/ plassering	Tolking	Datering
S 1	Røys	Spissoval 9,2X3-3,5m	NØ - SV	Skipsforma gravrøys med primær- og sekundærgrav	Folkevandringstid
S 2	Kammer med dekkhelle i røys	Avlang, 1,5-2 X 1- 1,4 m	Ø-V, i NØ halvdel av røys, Ø-side.	Gravkontekst B	Folkevandringstid
S 3	Nedskjering i undergrunn under røys	Langoval	NØ-SV, noko vridd i høve til lengdeaksen i røysa. Under NØ halvdel av røysa.	Gravkontekst A	Folkevandringstid
S 4	Kolgrop	Sjå fig. 6.	V for NØ spiss av røysa	Aktivitetspor	Uviss

Appendix C: Teikningsliste

	Motiv	Målest.	Retning
Planteikning A	S2, grav B, fase 1	1:40	Aust (lok. N)
Planteikning B	Røys, fase 2, NØ-del	1:20	Aust (lok. N)
Planteikning C	Røys, fase 2, SV-del	1:20	Aust (lok. N)
Planteikning D	Røys, fase 3	1:20	Aust (lok. N)
Planteikning E	Situasjon, mellom prof. I & II	1:20	Aust (lok. N)
Profilteikning A	Profil I, 1:10	1:10	Aust (lok. N)
Profilteikning B	Profil II, 1:10	1:10	Søraust (lok.NV)
Profilteikning C	Profil i prøvestikk A	1:20	

Appendix D: Vitskaplege prøvar

Prøve nr.	Type	Kontekst		
VP-1	C-14	Sjå fig. 9		
VP-2	C-14	Sjå fig. 6, forkola trekubbe rett over undergrunnen		

Appendix E: Fotoliste

Foto	Motiv	Mot	Merknad	Filmtype
01-01	Oversikt lokalitet	Aust		dias
01-02	Oversikt lokalitet	Sør		dias
01-03	Oversikt lokalitet	Sør		dias
01-04	Oversikt lokalitet	Nord		dias
01-05	Grav, utan plastdekke, før avtorving	Sør		dias
01-06	Grav, utan plastdekke, før avtorving	Nord		dias
01-07	Grav, avtorva	Nord		
01-08	Grav, avtorva	Vest		dias
01-09	Grav, avtorva	Sør		dias
01-10	Grav, avtorva	Aust		dias
01-11	Grav, avtorva	Nordaust		dias
01-12	Røys, vidare avtorva i SV	Nordaust		dias
01-13	Røys, vidare avtorva i SV	Nordaust		dias
01-14	Røys, vidare avtorva i SV	Nordaust		dias
01-15	Røys, vidare avtorva i SV	Aust		dias
01-16	Røys, ferdig avtorva i SV	Nordaust		dias
01-17	Røys, ferdig avtorva i SV	Nordaust		dias
01-18	Røys, ferdig avtorva i SV	Sørvest		dias
01-19	Røys, framrensa og avgrensa	Nordaust		dias
01-20	Røys, framrensa og avgrensa	Nordaust		dias
01-21	Røys, framrensa og avgrensa	Nordaust		dias
01-22	Røys, framrensa og avgrensa	Nordaust		dias
01-23	Røys, framrensa og avgrensa	Sørvest		dias
01-24	Røys, framrensa og avgrensa	Sør		dias
01-25	Røys, framrensa og avgrensa	Sør		dias
01-26	Lokaliteten sett frå båt på Breimsvatnet	Nordaust		dias
01-27	Lokaliteten sett frå båt på Breimsvatnet	Aust		dias
01-28	Lokaliteten sett frå båt på Breimsvatnet	Aust		dias
01-29	Stemning: Hegre på nes			dias
01-30	Lokaliteten sett frå båt på Breimsvatnet	Nordaust		dias
01-31	Lokaliteten sett frå båt på Breimsvatnet	Nordaust		dias
01-32	Stemning: Hegre på nes			dias
02-01	Film 2 bortkommen ved framkalling, sjå merknad*			
03-01	Profil, prøvestikk A	Nord		digital
03-02	Situasjon etter fjerning av stein	Søraust		digital
03-03	Oversikt etter fjerning av stein	Sørvest		digital
03-04	Kolkonsentrasjon, plan, lengst søraust i feltet	Aust		digital
03-05	Kolkonsentrasjon, plan, lengst søraust i feltet	Aust		digital
03-06	Oversikt etter fjerning av stein	Nordaust		digital
03-07	Oversikt etter fjerning av stein	Nordaust		digital
03-08	Oversikt etter fjerning av stein	Sørvest		digital
03-09	Oversikt etter fjerning av stein	Nordaust		digital
03-10	Oversikt etter fjerning av stein	Nordaust		digital
03-11	Jerngenstand in situ, ved graving av snittkasse 2	Aust		digital
03-12	Jerngenstand in situ, ved graving av snittkasse 2	Aust		digital
03-13	Snittkasse 2	aust		digital
03-14	Snittkasse 2	sør		digital
03-15	Kryss mellom snittkasse 2 og -3	vest		digital
03-16	Kryss mellom snittkasse 2 og -3	aust		digital
03-17	Opprensa flate, S 3 førebels avgrensa	sørvest		digital
03-18	Opprensa flate, S 3 førebels avgrensa	sør		digital
03-19	Opprensa flate, S 3 førebels avgrensa	søraust		digital
03-20	Opprensa flate, S 3 førebels avgrensa	aust		digital
03-21	Opprensa flate, S 3 førebels avgrensa	nordaust		digital

03-22	Situasjon, ved profil I	aust		digital
03-23	Situasjon, ved profil I	aust		digital
03-24	Profil I	aust		digital
03-25	Profil I	aust		digital
03-26	Situasjon, mellom profil I og -II			digital
03-27	Situasjon, /11 in situ, mellom profil I og -II			digital
03-28	Situasjon, profil II bort til helle	aust		digital
03-29	Profil III	nord		digital
03-30	Situasjon, helle i 100x/102y	aust		digital
03-31	Profil IV	vest		digital
03-32	Vestende av profil II	aust		digital
03-33	Oversikt etter klårgjering av profil II,III og IV			digital
03-34	Profil II	Aust-søraust		digital
03-35	Oversikt etter klårgjering av profil II,III og IV			digital
03-36	Situasjon i NØ. Viser utrasing av undergrunn over nedskjering S 3	Nordaust		digital
04-01	Profil V	Nordvest		digital
04-02	Oversikt, nedskjering (S 3)	Sørvest		digital
04-03	Oversikt, nedskjering (S 3)	Nordaust		digital
04-04	Oversikt, nedskjering (S 3)	Nordaust		digital
04-05	Oversikt, nedskjering (S 3)	Nordvest		digital
04-06	Sirkulaert fyllskifte, flate. Truleg steinopptrekk	Aust		digital
04-07	Utsyn mot garden	Aust		digital
04-08	Situasjon ved avslutning. Innmåling	Vest		digital

* Filmen vart levert til framkalling v/Foto Knudsen, Bergen. Firmaet kan dokumentere at dei har motteke filmen, men han er pr. dags dato framleis ikkje kommen til rette.